

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Merknader til kommuneplanen sin arealdel

Naturvernforbundet Nordhordland har følgjande merknader til planen:

Kyststi frå Frekhaug til Dalstø er eit positivt tiltak som vi ønskjer kommunen skal prioritera.

Fortetting langs Frekhaug er god klimapolitikk som vil føra til mindre transportbehov og leggja til rette for meir bruk av sykkel og gange.

Omsynssoner langs Mjåtveitelva og i Skjelangerbukta er viktige tiltak i forhold til naturmiljøet. Naturvernforbundet meiner kommunen bør vurderer det same for Landsvikliia.

Sambandet Vest ligg inne med ein trase samt vegkoplinga mellom Ådland og Rosslandsområdet. Dette vil føra til inngrep i viktige og sårbare naturområde. I tilknytning til Sambandet Vest er det óg lagt inn to større næringsområde nord på Holsnøy som bør takast ut av planen. **Næringsområde nord på Holsnøy** vil føra til meir trafikk og ikkje bidra til å støtte opp under Frekhaug som kommunesenter. Naturvernforbundet ber om at vegprosjekta og næringsområde nord i kommunen blir tekne ut av planen. Næringsområdet meiner vi er i strid med rikspolitiske retningslinjer for samordna arealbruk.

Ei større utviding av Frank Mohn sitt område på Flatøy ligg og inne i planen. Dette er kontroversielt. Konsekvensutgreiinga for dette tiltaket er mangelfull. Utgreiinga tek ikkje opp i seg på ein god nok måte omsynet til regionalt friluftsområde, viktige gyteområde for fisk og kva konsekvensar tiltaket vil ha for natur, friluftsliv og landskap samla sett. Naturvernforbundet ber primært at dette tiltaket blir tatt ut av planen.

Planen peiker på at **aksen Frekhaug-Knarvik er eit regionalt utviklingsområde**. Planen tar ikkje opp i seg ei alternativ vurdering av lokalisering av Frank Mohn. Meland kommune ynskjer å gjennomføra ein moglegheitsanalyse i dette området. Naturvernforbundet støttar dette og ber om at Frank Mohn sitt areal på Flatøy inngår i ein slik studie. Det er ei problemstilling om denne typen arealkrevjande næring bør liggja langs den regionale utviklingsaksen mellom Frekhaug og Knarvik. I eit regionalt perspektiv er det kanskje rett å sjå for seg at denne type verksemd som krev tilknytning til sjø, bør liggja til nærings- og hamneområde som har større moglegheiter for utviding, som til dømes Mongstad i Lindås eller Hjertås i Meland.

Naturvernforbundet Nordhordland seier seg lei for at merknadene kjem etter at høyringsfristen 26.09.14, men håpar likevel dei vert tekne med i den vidare handsaminga av planen.

Jan Nordø
Leiar
Naturvernforbundet Nordhordland